



ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE
Bygdinvegen 1989
2940 HEGGENES

Saksbehandler, innvalgstelefon
Harald Klæbo, 61 26 60 56

Revidert oppstartsmelding - fastsatt utgreiingsprogram - bevaring av verdifull natur - verneplanprosess - utviding av Jotunheimen nasjonalpark - Vågå - Øystre Slidre - Årdal - Luster

Det blir nå meldt om oppstart av verneprosess for Besstrondfjellet i Vågå. Dette området kjem i tillegg til dei delområda som det er meldt om oppstart på frå før.

Areal med skog i delområda Hindflye og Leirungsdalen er tatt ut av det som skal vurderast for vern. For Besstrondfjellet er areal med skog ikkje tatt med.

Vi ber om innspel kun på det som er endringar i høve til forrige oppstartsmelding, frist for innspel er 15. september 2026.

Vi viser til melding om oppstart av verneprosess for utviding av Jotunheimen nasjonalpark og endring av verneform for delar av Utladalen landskapsvernområde til nasjonalpark i Luster, Årdal, Øystre Slidre og Vågå kommunar i brev av 30. mai 2025.

Statsforvaltaren gjev med dette melding om at areala det blir gjeve oppstart for blir endra i Vågå kommune. For dei andre tre kommunane er areala uendra.

Vi ber derfor om innspel kun på det som er endringar i høve til forrige oppstartsmeldning. Det fastsette utgreiingsprogrammet er vedlagt og er ikkje til uttale no.

Endra areal i Vågå kommune

Vågå kommune har i kommunestyrevedtak av mars 2026 vedteke at Besstrondfjellet kan utgreiast for vern i tillegg til dei areala som kommunen tidlegare har gjeve aksept for. Arealet i Besstrondfjellet går fram av vedlagte kart.

I tillegg er spørsmålet om skog kan gå inn i vernet i Vågå blitt meir avklart. Langmorke allmenning som har virkesretten til skogen i Statsallmenningen og dei areala som var med i fyrste melding om oppstart, ønskjer likevel ikkje å tilby skogen til frivillig vern. Det betyr at Statsforvaltaren har grensa ut det som er av skog i oppstartskartet for delområde Hindflye og delområde Leirungsdalen. Dei endelege grensene for det som vil bli vurdert for vern, går fram av kart som er vedlagt.



Skogen er grensa ut ved hjelp av SR16-kartlaget i Kilden. Det er basert på lasermålt høgde på trær. Dette gir visse feilkjelder. Endeleg grensedragning vil måtte gjerast i felt. I omgrepet «skog» er: *skog som er over 5 meter høgde og som har ei kronedekning på over 10 %, og er minimum 1 daa.*

Besstrondfjellet

Besstrondfjellet er eit fjellområde utan vesentlege naturinngrep som i liket med dei andre fjellområda grenser til eksisterande Jotunheimen nasjonalpark. Det er kjent som eit botanisk rikt fjellområde, med same næringsrike berggrunn som Hindflye. Besstrondfjellet blir naturfagleg kartlagt sommaren 2026 med rapportering november 2026. Det blir og utarbeidd supplerande fagrapportar for dette området for temaene landskap/geologi, kulturminner, motorferdsel i utmark, landbrukinteresser, jakt og fiske og tekniske innretningar. Desse blir lagt ut på Statsforvaltarens heimeside når dei er klare.

Utgrensing av skog i delområde Hindflye

I denne reviderte oppstartsmeldinga har vi grensa ut skog i samsvar ned definisjonen ovafor. Dette er gjort ved hjelp av digitale kartløyser. Det fører til at dei nedre deler av Hindflya med furuskog og bjørkeskog går ut av vernet. Nokre areal oppover langs Russa blir og take ut av utgreiingsområde.

Det ein taper av naturverdiar innafor et utvida vern er furuskog med gammelskogpreg og moglegheita for å binde saman nasjonalparken med barskogreservata Baklie og Veogjelet. Nedre deler av det spesielle elvegjela vil heller ikkje inngå i ein evt utviding av nasjonalparken, samt ein del naturtypar som t.d. boreal hei, slåttemyr, rik åpen jordvannsmyr og naturbeitemark. Ein vil fortsatt få høve til å verne dei store inngrepsfrie fjellareala over tregrensa, og ein vesentleg del av elvgjela.

Utgrensing av skog i delområde Leirungsdalen/Knutshø

Dei nordlege og lågareliggjande deler av dette området har areal med bjørkeskog som vil gå under omgrepet skog slik det er definert tidegare. Dette gjev ei krevjande arrondering i høve til vurdering av ny vernegrense. I staden for å grense ut store areal på grunn av flekkvis førekomst av skog har vi valgt å sende ut oppstart på det meste av dei øvrige areala som ikkje er skogkledte i dette området. Skogen vil derfor visast som «øyer» i utgreiingsområdet.

Det ein taper ved denne nye avgrensinga er i fyrste rekkje at ein får eit mindre heilskapleg vern av landskapet ved nedre Leirungen, Knutshø og Leirungsmyrin. Det vil bli anledning til fortsatt å drive skogbruk på dei areala som er grensa ut som skog, men ein vil likevel få et vern av dei overordna trekka i landskapet og mange av dei verdifulle naturtypene. Ein må få inn føresegnar i verneforskrifta som gjør at areala med skog innafor området blir tilgjengelege med kjøretøy for skogsdrift.



Tabell 1. Areal i km² som denne verneplanen omfattar som nytt verneareal og endring av verneformål frå landskapsvernområde (LVO) til nasjonalpark (NP).

Kommune	Forslag til nytt verneareal i km ²	Endring frå LVO til NP i km ²	Totalt areal – nytt vern og endring av verneformål
Vågå	111		111
Øystre Slidre	46		46
Luster	24	17	41
Årdal	54	91	145
Totalt	235	108	343

Om utgreiingsprogrammet - konsekvensutgreiing

Vårt forslag til utgreiingsprogram, vart sendt ut saman med fyrste oppstartsmeldinga for uttale. Statsforvaltarane i Innlandet og Vestland har justert programmet etter innspel frå høyringspartane og Miljødirektoratet. Utgreiingsprogrammet er etter det fastsett av Miljødirektoratet. Programmet skal vise korleis vi vil kartlegge verneverdiar og bruksinteresser, samt svare ut kva for konsekvensar eit vern vil ha på ulike interesser. Det fastsette utgreiingsprogrammet er vedlagt.

Sjølv om ein mister areal med verneverdiar vurderer Statsforvaltarane at dette ikkje medfører endringar i sjølve utgreiingsprogrammet. Mottakarane av denne reviderte oppstartsmeldinga kan kommentere dette.

Erstatning som følgje av vernevedtak

Som det går fram av kapittel 4 i vedlagte utgreiingsprogram, styres erstatning som følgje av eit vernevedtak av naturmangfoldlovas § 50. Grunneigar eller rettshavar har rett til erstatning frå staten for økonomisk tap når eit vern vanskeleggjer igangverande bruk. Som igangverande bruk reknast den bruken som går føre seg på vernetidspunktet. Skogbruk blir sett på som igangverande bruk, og vil difor utløyse erstatning, forutsett at det ligg føre eit tilbod om frivillig vern av skogen. I denne reviderte oppstartsmeldinga er skogen grensa ut.

Sakshandsaming

Proessen skal følgje sakshandsamingsreglene i naturmangfoldlova §§ 41- 43, og Klima- og miljødepartementet har utarbeida eit eige rundskriv (Rundskriv T-2/15) om sakshandsamingsregler ved områdevern. Rundskrivet finn de her: Sakshandsamingsregler ved områdevern etter naturmangfoldlova (§§ 41 - 43) - regjeringen.no

Kart og oppstartsmelding

Digitalt kart over utvidelsesområdet vil i løpet av kort tid bli tilgjengeleg under kartlaget «Foreslåtte naturvernområde» i Naturbase. Oppstartsmeldinga er også tilgjengeleg på heimesidene våre under «Høyringer», og under «Nyheitar».

Rettsverknad av at verneplanprosessen er igangsett

Denne oppstartsmeldinga er en kunngjering av den formelle oppstarten av verneprosessen med utviding av Jotunheimen nasjonalpark. Etter § 44 i naturmangfoldlova (tiltak ved igangsatt saksbehandling) kan eit forvaltningsorgan utan vidare avslag ein søknad om løyve mv, til et tiltak i planområdet når oppstart av verneprosessen er kunngjort. Løyvet kan berre bli gjeve om tiltaket er utan nemneverdig betydning for verneverdiane i området.



Innspel og kontaktpersonar

Innspel til denne reviderte oppstartsmeldinga sendast Statsforvaltaren i Innlandet eller Statsforvaltaren i Vestland innan 15. september 2026.

For spørsmål, ta kontakt med Harald Klæbo (SF Innlandet) på telefon 61 26 60 56/ 970 88348, e-post harald.klabo@statsforvalteren.no. avdelingsdirektør Eline Orheim SF Vestland, e-post eline.orheim@statsforvalteren.no eller

Oppstartsmeldinga er sendt til berørte kommunar, organisasjonar, andre aktuelle høyringspartar, kunngjort i lokalaviser og på våre heimesider. Videresend gjerne informasjonen dersom du ser at det manglar organisasjoner, etatar eller andre interessenter i adresselista.

Alle fagrapportar som er utarbeidd er tilgjengelege på:

Statsforvaltaren i Innlandet – Jotunheimen NP utv – [prosjektside](#).

Statsforvaltaren i Vestland – Jotunheimen NT utv. - [prosjektside](#).

Med hilsen

Therese Ruud (e.f.)
underdirektør

Harald Klæbo
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Notat til revidert oppstartsmelding 2 juli 2026
- 2 Fastsett utgreiingsprogram, utviding Jotunheimen
- 3 Jotunheimen revidert oppstart oversiktskart
- 4 Hindflye revidert oppstart
- 5 Besstrondfjellet oppstart
- 6 Leirungsdalen revidert oppstart

Kopi til:

MILJØDIREKTORATET	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET	Postboks 8013 DEP	0030	OSLO
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET	Postboks 8007 Dep	0030	OSLO
MATTILSYNET	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
GLOMMEN MJØSEN SKOG SA	Postboks 1329	2405	ELVERUM



Mottakerliste:

VÅGÅ KOMMUNE	Edvard Storms veg 2	2680	VÅGÅ
ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE	Bygdinvegen 1989	2940	HEGGENES
VANG KOMMUNE	Tyinvegen 5161	2975	VANG I VALDRES
LOM KOMMUNE	Sognefjellsvegen 6	2686	LOM
INNLANDET FYLKESKOMMUNE	Postboks 4404	2325	HAMAR
ØYSTRE SLIDRE BONDELAG	Bedriftssenteret c/o Tove Grethe Kolstad	2943	ROGNE
ØYSTRE SLIDRE BONDE OG SMÅBRUKARLAG	Vestsiddevegen 392 Bygdinvegen 2257	2940	HEGGENES
VÅGÅ TAMREIN AS	c/o Snøhetta Regnskap Otta Vågå AS Vollvegen 2B	2680	VÅGÅ
FRAM REINLAG DA	c/o Hallgeir Opdal Tyinvegen 6915	2977	ØYE
SKAGET BITIHORN BEITELAG	Bygdinvegen 3148	2950	SKAMMESTEIN
ØYSTRE SLIDRE FJELLSTYRE		2940	HEGGENES
BEITOSTØLEN UTVIKLING SA	Postboks 53	2953	BEITOSTØLEN
BEITOSTØLEN LØYPEFORENING	c/o Hegge Regnskap AS Bygdinvegen 2139	2940	HEGGENES
VISIT VALDRES AS	Postboks 203	2901	FAGERNES
DNT VALDRES	c/o Torkjell Haugen Krøsshauget 1	2943	ROGNE
STATSFORVALTEREN I INNLANDET	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
JOTUNHEIMEN UTLADALEN N.PARK LOM			
STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION ØST	Postboks 4223	2307	HAMAR
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD	Ladebekken 50	7066	TRONDHEIM
EIDSIVA ENERGI AS	Postboks 4100	2307	HAMAR
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV INNLANDET	Vormstuguvegen 40	2624	LILLEHAMMER
NATURVERNFORBUNDET I INNLANDET	c/o Ole Midthun Halvdans gate 13	2315	HAMAR
BIRDLIFE NORGE AVDELING OPPLAND	Postboks 87	2601	LILLEHAMMER
LOM TAMREIN AS	Ottadalsvegen 5521	2686	LOM
Hanne Rugsveen Sveen	Sjårdalen	2680	Vågå
Hans Petter Vaberg	Klonesbakken 318	2680	Vågå
Anne Kristine P Solbakken	Bruvegen 166	2683	Tessanden
VÅGÅ AVLØYSARLAG SA AVD LOM	Postboks 125	2686	LOM
Thor Ekre	Kleppevegen 11	2680	Vågå
VÅGÅ FJELLSTYRE	Postboks 16	2684	VÅGÅ
LANGMORKJE ALMENNING	Sjodalsvegen 139	2683	TESSANDEN
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
DNT OSLO OG OMEGN	Postboks 7 Sentrum	0101	OSLO
Anders Bersu	Skjellvegen 47	2680	Vågå



VÅGÅ SAU OG GEIT	c/o Sverre Blankenborg	2680	VÅGÅ
	Kveomsvegen 37		
Helge Sandbu	Skogbygdsvegen 199	2680	Vågå
VÅGÅ BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Øystein Stubrud	2680	VÅGÅ
	Sjårdalsvegen 358		
Nelly B K Einstulen	Skårvangsvegen 399	2680	Vågå
VÅGÅFJELL TURLØYPER SA	Vågåvegen 35	2680	VÅGÅ
VISIT JOTUNHEIMEN AS	Bergomsvegen 17	2686	LOM
NASJONALPARKRIKET REISELIV AS	Ola Dahls gate 1	2670	OTTA
HINDSÆTER AS	Sjodalsvegen 1549	2683	TESSANDEN
AS BESSHEIM FJELLSTUE	Sjodalsvegen 2977	2683	TESSANDEN
GJENDESHEIM AS	Boks 128	2684	VÅGÅ
Pål Ragnar Austrem	Sjårdalsvegen 616	2680	Vågå
Svein Tore Sveen	Sjårdalen	2680	Vågå
Pål Tosten Håkenstad	Skogbygdsvegen 154	2680	Vågå
Kåre Gunnar Fjøsne	Sjårdalsvegen 663	2680	Vågå
Are Garmo	Ottadalsvegen 2173	2682	Lalm
Ingrid Storvik	Storrviksroe 42	2683	Tessanden
Kjell Magne Storvik	Storrviksroe 42	2683	Tessanden
Knut Grev	Øvre Nordheradsvegen 616	2680	Vågå
BESSTROND SÆTER		2680	VÅGÅ
BESSTROND AS		2680	VÅGÅ
BESSEGGEN FJELLPARK AS	Halland 3	2680	VÅGÅ
Jon Gustav Bjørnstad	Ottadalsvegen 1925	2682	Lalm
STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER